



Deres ref:

Vår ref:

Sakshandsamar:  
Finn-Arild Bystrom

Arkivkode:

Dato:  
12.03.2020

## Midlertidig stenging av serveringsstadar

Godkjent av (x)	Ordførar	X	Rådmann	x	Kommunelege	x
-----------------	----------	---	---------	---	-------------	---

Kommuneoverlegen vedtek i tråd med nasjonale føringar å stengje sitjande servering ved alle serveringsstadar i Seljord kommune til og med torsdag 26.03.2020. Serveringsstadar utan matsservering vert også omfatta av dette vedtaket. Dette vert gjort med heimel i Smittevernlova § 4-1. Perioden kan verte forlenga. Utsalsdelar og take away-levering kan halde fram.

Alt skjer fort og vi klarar ikkje å halde alle oppdatert på alt til ein kvar tid. Alle vert oppmoda om å følgje med og oppdatera seg på utviklinga via:

- Folkehelseinstituttet, [www.fhi.no](http://www.fhi.no)
- Helse Noreg, [www.helsenorge.no](http://www.helsenorge.no)
- Sentrale mediehus i Noreg, for eksempel [NRK](http://nrk.no)

Vh

Kine Jordbakke  
Kommuneoverlege i Seljord



# Vanar som førebyggjer **smitte**



## Papirlommetørkle

framfor munn og nase skjermar andre når du hostar eller nys. Kast lommetørkleet etterpå. Vask så hendene.

## Bruk olbogekroken

når du må hoste eller nyse og ikkje har papirlommetørkle for handa.



## Vask hendene

ofte og grundig, særleg når du har vore ute blant folk.

## Handdesinfeksjon

med middel som inneheld alkohol er eit godt alternativ når du ikkje får vaska hendene, til dømes på reise.

